



Småbruk med stordrift

Vetle Haugland er eit småbruk med stordrift. Her sit Arne Haugland med dei to sønene sine, Stian og Tor Ove. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Side 23 og 24

Den store istesten
Side 26-30

Frå 7. til 8. Klasse
Side 6,7 og 8

Slaktehuset som vart vertshus
Side 4 og 5

Heile bygdas vaktmeister
Side 33,34,36 og 37

GOD SOMMAR!

Leiar

Attende til røtene!

For få veker sidan var eg på slektstreff og møtte slektningar der eg vaks opp – i dei store skogane aust ved svenskegrensen. Det var godt å koma heimatt og vandra på stigane frå barndommen. Eg gjorde det utan bismak.. Eg hadde ein setning av ordkunstnaren Odd Børretzen klart for meg: - Det er heilt naturleg å gå i barndommen når ein blir gamal, sa han i TV for nokre veker sidan. Difor var vandringa ikkje prega av sorg, men glede over det som eingong var.

Den samme glede har eg før registrert mange gongar, ikkje minst då eg har vore guide for norskamerikanarar til dei plassane som forfedrane deira kom i frå. Sjølv om det i mange tilfelle berre har vore nokre tufter att, har det gjerne vorte eitt tårevått møte med gløymde år. Og dei besøkjande har kjend ei sterk glede over endeleg å ha funne røtene sine sjølv om dei har vore aldri så spinkle.

Også i våre dagar er det mange som kjenner at det er godt å koma heimatt sjølv om dei ikkje treng å reise over Atlanterhavet for å oppsøkje røtene sine. Det vart også på eit vis understreka i Kvinnherad kommunestyre av rådmann Trond Sætereng for stutt tid sidan. Han hadde ein positiv bodskap:

På fire ledige stillingar i kommunen har det meldt seg 17 søkjarar og rådmannen gledde seg mest over dei eksterne søkjarane. Mange av dei er velutdanna, utflytta kvinnheringar som søker



seg attende til heimbygda og til stillingar som til forveksling liknar dei som foreldra i si tid hadde. - Dei unge fekk tydelegvis med seg i ryggsekken heimafrå noko som dei fann det vel verd å ta vare på, konkluderte rådmannen og fann samstundes grunn til å registrera dette som eit prov på at Kvinnherad har eit godt omdømme.

Også mange uskedelinger har kome heim etter utdanning og etter å ha budd andre stader. Og enda fleire vil nok gjerne koma heim... Vi bør ha gode kort på handa når det gjeld å lokka dei. Som Uskedalen Utvikling også peikar på i ei oppmoding om å bli medlem har vi eit stort aktivitetstilbod for folk i alle aldre og ei dugnadsånd og vilje til samarbeid som vi har vorte kjende for. Her er det med andre ord noko å ta fatt på for alle som vil koma attende til røtene sine. Lat oss ta godt imot dei!

Av Ola Matti Mathisen

Redaksjonen:

Bente Yri Halvorsen (11 år)
Birte Nybakk (12 år)
Lars Fausk (13 år)
Anita Miljeteig (10 år)
Elisabeth Rebaudo (11 år)
Victoria Andersen Eik (10 år)
Karoline Isdal Amundsen (12 år)
Ola Matti Mathisen (leiar)
Tore Mathiesen (leiar)
Britt Torill M. Mathiesen (leiar)

Kontakt:

Hobbyklubben
v/Tore Mathiesen
Musland 2, 5463 Uskedalen
Tlf: 53 48 66 24/93 83 94 45

Ola Matti Mathisen
Tlf: 99 37 13 25
E-mail: olamatti.mathisen@knett.no

Trykkeri: A1 GRAFISK KVINNHERAD

TLF: 53 47 02 40
kvinnherad@a1grafisk.no / www.a1grafisk.no

Vår Gud som ser og høyrer sine born

Av Svein Arne Theodorsen

Takk for invitasjonen til å skrive ein andakt i sommarutgåva av Uskedalsposten. Eg tykkjer denne avisa er eit godt tiltak, takk til Hobbyklubben, både medlemmer og leiarar.

Eg har ei historie som eg gjerne vil dela med dykk, eg gjer det saman med dette bibelverset: *"Sjå kor stor kjærleik Far har synt oss: Vi får kallast Guds born – ja vi er det!"* 1 Joh 3,1

I mi tru har Guds kjærleik ein stor og sentral plass. Eg får tru på ein kjærleg Far som ser og høyrer meg, som kjenner meg og veit alt om meg. Kan vi verkeleg tru at Gud ser og kjenner kvar og ein av oss? I denne samanheng finn eg fylgjande historie interessant:

Yst i Lofoten ligg øyriket Røst. Her held hundretusenar av fugl til på fuglefjella. Området er det reine spiskammers for sjøfugla. På fjella finn dei eit fast punkt. I fleire år har fugleforskarar arbeid på Røst. Dei kan fortelje noko underleg: I eit reir på fuglefjellet tok dei eit fugle - egg to dagar før klekkinga. Mora vart ringmerka, og egget vart teken med inn til forsøksstasjonen. Der vart det klekt ut kunstig. Alt gjekk greitt. Ei veke seinare tok dei den vekegamle fuglen attende til fuglefjellet. Der sette dei fuglen ein annan stad, langt borte frå mora sitt reir. Så la dei seg på vakt for å sjå kva som hende.

Ei kort tid etter kjem ein målretta flyger stupande ned gjennom mylderet av fuglar, plukkar opp fugleungen og tek den attende til sitt eige reir. Korleis kunne mora finne sitt eige barn etter at det vart teken frå henne medan det ennå var inne i egget? Kva gjorde at ho kunne finne det att mellom hundre-tusenar av sjøfuglar?

Lydmålingar syner at allereie i egget skapar fugleungane sin eigen lyd, annleis enn skriket til dei andre fuglane. Slik vi menneske har vårt identitetsmerke i fingermerket, har fuglane sitt i strupehovudet. Vårt menneskelege øyre kan ikkje fullt ut høyra korleis lydane til fuglane skil seg frå kvarandre. Men mellom hundre-tusenar av skrik til dei andre fuglane, kjende mora att lyden ho hadde høyrte frå sitt eige ufødde barn.



Denne interessante vitskapelege observasjonen seier meg noko underleg både om skaparverket og skaparen. Når ein sjøfugl kan finne attende sitt eige ufødde barn i vrømmelen, kva for ein far har vi då ikkje i himmelen som kjenner kvar av oss og som høyrer og ser til kvar einaste ein!

Vi er skapte i Guds bilete, meir verdt enn alle fuglar. Vi er merka av vår skapar. Gjennom Jesus får vi del i Guds uendelege kjærleik, ved dåpen får vi bli hans barn – teikna med krossmerket.

Eg trur på ein Gud som ser og høyrer sine born, som ser og høyrer meg. Er du blitt kjent med han som ynskjer å vere ein kjærleg far for deg? Med sin store kjærleik leiter han etter alle som er komne bort frå han.

Svein Arne Theodorsen

Slaktehuset som vart til vertshus

Av Ola Matti Mathisen



Sigvald Eik var slakteri-pioner i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Neste år er det 50 år sidan Uskedalen fekk slaktehus – det som seinare vart til Vertshuset og som denne sommaren får ein ”nystart” i sterkt opprusta stand.

Ein heilt sentral mann i realiseringa av Kvinnherad Slakteri på Sanden var Sigvald Eik (92).

Gardbrukaren på Kjærlandssido vart i 1956 valt til formann i Kvinnherad og omland slaktelag og tre år seinare var huset reist og slaktinga i gang. Peder Holmedal vart frå starten ansatt som ansvarleg slaktar og heldt fram med det til han døydde i 1965.

Mjølkeprodusentane var eit lite hestehovud føre når det galdt å få i gang eit lokalt foredlingsanlegg. Allereie i 1957 starta Kvinnherad Ysteri på Seimsfoss. Uskedalen var med i kampen om den plasseringa, men tapte.

- No ville vi ha ”revansj” og det var ei naturleg målsetting at slaktehuset skulle liggja meir sentralt enn ysteriet. ”Omlandet” var kommunane som den gongen låg i begge ender av Kvinnherad, dei var Fjelberg, Skånevik og Varaldsøy, og vi måtte sikta

mot å få inn slakt derifrå, seier Sigvald. Før det lokale slakteriet kom opp, hadde bøndene levert dyra sine både til Vestlandske Salslag i Bergen, private slaktarar same staden og det private slakteriet til Guddal i Rosendal.

Sigvald reiste rundt til bøndene i distriktet som ein misjonær for den gode sak, og han hadde for det meste med seg Lars Haugland.

- Var det ein tung jobb, Sigvald?

- Nei, eg vil ikkje seia det. Vi fekk god oppslutnad om saka, men så hadde vi då også Vestlandske i ryggen heile vegen. Eg var på sett og vis ”innafor” i organisasjonen fordi eg som varamann rykte inn i styret då Lars Leiro kom på Stortinget.. Vi hadde ikkje kapital lokalt, det var VS som finansierte prosjektet både med lån og tilskot. Og planen var naturleg nok at vi skulle levera alt kjøt til VS som vi ikkje fekk omsett lokalt. Det meste gjekk da også til Bergen. Men det vart ei lang liste med lokale kundar, til dømes sjukehuset i Valen, Olsen og Røssland på Sunde (dei som laga Sundepølsa red.anm.) og fleire på Stord.

- Men det var ein lokaliseringdebatt også om dette prosjektet?

- Ja, det var strid om kor det skulle liggja. Alternativet var å overta slakteriet til Guddal og satsa i Rosendal.

Det endte med at Vestlandske peika ut ei voldgiftsnemnd leia av Hans Kristian Eikeland.

Nemnda gjekk inn for Uskedalen og slik vart det. Det var eit pluss at Olaf og Arne Myklebust kom med tilbod om fri grunn på Sanden. Byggmester Teigen frå Valen reiste huset, minnast Sigvald.

Kvinnherad Slakteri var ikkje noko stor bedrift.

Bemanninga varierte gjennom året – den svinga mellom to og seks. Toppen vart nådd i samband med haustslaktinga. Sigvald Eik var ikkje berre styreformann, han var også styrar frå starten. Deretter vart Peder Holmedal henta frå Vestlandske som sjef. Tre andre jobba ved slaktehuset, i denne første tida var Gudmund Feet, Anders Haugland og Karluf Stoknes. Sigvald takka for seg etter ei tid.

- Eg tykte eg fekk for lite att for innsatsen, eg satt att med ein tusenlapp eller to i året. Difor sa eg opp og fekk jobb på Sørøla frå starten i 1965, opplyser Sigvald.

- Men korleis gjekk drifta i starten?

- Vi rodde det stort sett i land med eit lite overskot utan avskrivningar. God pris og stort overskot var ein nesten håplaus kombinasjon. Det var Vestlandske som bestemte kva vi skulle få for det meste av slaktet,



Slakteriet fekk ein sentral plassering ved Sandakaien. Bilete av huset då det var slaktehus var mangelvare. Dette er eit utsnitt av flyfoto.



Vertshuset slik det står i dag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sigvald vart avløyst av Trygve J. Haugland som styrar og satt i tre år. Det andre året klarte han å presentera eit lite overskot. Men så gjekk det tregare. Slakteriet vart overlete til Vestlandske utan vederlag fordi det ikkje var teke atterhald. Men dei fekk det ikkje til, det vart dundrande underskot. Anlegget vart seld til eit selskap der Torger H. Myklebust var styreformann, Den neste eigar var Einar Myklebust, som kjøpte huset for 65.000 kroner.

Frå han gjekk det vidare til sonen Oddvar, som selde det til Mats Røssland sommaren 2006.

- Kvifor vart ”slakteri-eventyret” mislukka, Sigvald Eik?

- Vi var vel for små til å kunne få suksess. Styringa ovanfrå var ei anna forklåring. I tillegg kom sentraliserings-bylgja for fullt opp gjennom 1960-talet. Småanlegg vart kutta ut i tur og orden over heile landet, seier Sigvald Eik..

Frå 7. til 8. klasse.

Av Elisabeth Rebaudo, Victoria Eik og Bente Y. Halvorsen.



Klassen samla saman med lærarane Svein Aksel Sunde og Rannveig Helleland. Bak frå v.: Sindre Aksnes, Kristoffer Brede Sindre A. Onarheim og Kenneth N. Stensletten. Rekkje i midten frå v.: Marita Kjærland, Thomas M. Mathiesen, Martin T. Hauge, Andrea H. Lunde, Ingebjørg Haugland og Kaja Døssland. Framme frå v.: Preben K. Sundal, Ann Lisbeth Moen, Håvard Steinsvik, Eirin R. Kjærland og Rune Kjærland.

Vi har intervjuet nokre av dei som skal byrja på Rosendal Ungdomsskule til hausten. Etter 7 år på Uskedalen Skule blir det ny skule, medelevar og lærarar.



Over: Frå avslutningsfesten i Helgheim for 7. klasse. Alle i 7. klassen fekk ei t-skjorte med påtrykt bilde av heile klassen på skuta Mathilde frå læraren Svein A. Sunde. 3 små bilder var felt inn frå turar dei har hatt med Svein. Det var noko samtlege sette stor pris på!



Over: Klassen samla på avslutningsfesten. Dei framførte nok ei flott forestilling. Denne gongen med songar av og historien om Evert Taube.



Thomas M. Mathiesen:

-Gleder du deg til 8. klasse?

-Nei.

-Kvifor?

-Det høyrest kjedeleg ut.

-Gruer du deg til 8 klasse?

-Nei.

-Kva blir annerleis på ungdomskulen?

-Det blir andre arbeidsmåtar.

-Har du fått nokon av dei gamle vennene dine i den nye klassen?

- Ja, nokre av dei.

- Kjenner du mange andre i den nye klassen?

-Ja, nokre.

-Kva veit du om skulen?

-Det er ikkje noko fint inne.

-Kjem du til å sakna Uskedalen skule?

-Ikkje så masse.

-Kva kjem du til å sakna mest?

-Uteplassen.



Kaja Døssland:

-Gleder du deg til 8. klasse?

-Ja.

-Kvifor?

-Nye venner og ny klasse.

-Gruer du deg til 8 klasse?

-Litt

-Kvifor?

-Mobbing.

-Kva blir annerleis på ungdomskulen?

-Nye lærarar og ny klasse.

-Har du fått nokon av dei gamle venene dine i den nye klassen?

-Ja.

-Kjenner du mange andre i den nye klassen?

-Ja.

-Kva veit du om skulen?

-Den er falleferdig, stygg, råttan og stor.

-Kjem du til å sakna Uskedalen skule?

-Ja.

-Kva kjem du til å sakna mest?

-Elevane, lærarane og den gamle klassen.



Andrea H. Lunde:

-Gleder du deg til 8. klasse?

-Ja.

-Kvifor?

-Nye venner.

-Gruer du deg til 8 klasse?

-Litt

-Kvifor?

-Vanskelege prøvar.

-Kva blir annerleis på ungdomskulen?

-Anna klasse og ny skule.

-Har du fått nokon av dei gamle venene dine i den nye klassen?

-Ja.

-Kjenner du mange andre i den nye klassen?

-Ja.

-Kva veit du om skulen?

-Ikkje mykje, den er stor.

-Kjem du til å sakna Uskedalen skule?

-Ja.

-Kva kjem du til å sakna mest?

-Den gamle klassen, nokre av lærarane og det å vera størst.



Martin T. Hauge:

-Gleder du deg til 8. klasse?

-Nei.

-Kvifor?

-Kjem ikkje i klasse med dei eg vil.

-Gruer du deg til 8 klasse?

-Nei.

-Kva blir annerleis på ungdomskulen?

-Uteplassen.

-Har du fått nokon av dei gamle venene dine i den nye klassen?

-Ja, ein venn.

-Kjenner du mange andre i den nye klassen?

-Nei, berre 2 stykker.

-Kjem du til å sakna Uskedalen skule?

-Ja.

-Kva kjem du til å sakna mest?

-Grusbanen.

10 PÅ GATA:

Av Anita Miljeteig , Lars Fausk, Elisabeth Rebaudo og Birte Nybakk.

Spørsmål:

1: Kva sommarmat likar du best?

2: Kva skal du i ferien?



Liv Hansen:
- Sommarkoteletter.
- Camping.



Rose Marie Andersen:
- Is.
- Mallorca.



Joachim Hauge:
- Is.
- Uskedal.



Kristoffer Pedersen:
- Is.
- Syden.



Elin Stene:
- Sjømat, reker og scampi.
- Malekurs i Milano (Italia).



Kjell Erik Taranger:
- Grilla koteletter.
- Padletur og lavo (ei veka).



Øystein Ænes:
- Reker, laks og spekemat.
- Telemarkskanalen og båttur.



Kjersti Bråtun:
- Alt innen grillmat.
- Har ingen planar.



Edvin Kjærland:
- Mykje godt, jordbær med is.
- Mannsvatnet, fiska.



Elisabeth Rebaudo:
- Kaptein Sabeltann is.
- Italia og bada masse.

KVA SKJER I SOMMAR?

Uskedalen Kyrkje

06. juli kl. 12.00 Friluftsgudsteneste – Skorpo ved Åge Sætre
03. aug. kl. 19.30 Gudsteneste ved Sven H. Nilsen
17. aug. kl. 14.00 Gudsteneste på Rødtunet ved Sven H. Nilsen
07. sep. kl. 11.00 Gudsteneste med konfirmantpresentasjon ved Sven H. Nilsen

” Om eg er liten eller stor.....”

Nelly og Selma har populære småbarnstreff

Av Ola Matti Mathisen



Oddbjørg Heimark fortalde om Jesus og ungane under våravslutninga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

”Om eg er liten eller stor...” lyder i stova hjå Nelly Kjerland ein vakker vårdag. 10 ungar med foreldre er samla til våravslutning for ei spesiell samkome som ellers er knytta til bedehuset.

Nelly og Selma Eik er vertinnar og kan opplyse at foreldre frå store delar av Kvinnherad kjem med dei små borna sine annankvar onsdag.

- Vi har hatt gjester frå Valen til Enes, fortel Nelly og Selma medan hamburgerane fresar i panna og alt blir gjort klart for våravslutninga.

Denne dagen kjem rundt rekna 10 born med foreldre. Dei har vore heilt oppe i 17, men ofte har talet stansa på 11. Treffet tek sikte på dei frå null til seks. ”Ritualet” er mykje av det same kvar gong: Det er ”fisking” av songar og ei forteljing frå Bibelen, gjerne ved ein spesiell gjest. Så er det sjølvsagt mat og drikke og i tillegg ein eller annan aktivitet under mottoet ”Vi lagar noko og leikar oss!”. Akkurat denne dagen er eit høgdepunkt det kyrkjelydsekretær og konfirmantlærer Oddbjørg Heimark har å seia om Jesus og ungane.



Dei som var med i våravslutninga samla i det fine vårveret. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Nelly Kjerland (til venstre) held småbarnstreffet saman med Selma Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Claudia Øvstebø – opprinneleg frå Brasil – er ein engasjert deltakar i småbarnstreffet. Her sit ho med seks månader gamle Andre. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Men korleis starta desse treffa? Nelly fortel at starten var då barna hennar var små på midten av 1990-talet. Då hadde helsesøster Ragnhild Pile slike treff på Gamleskulen medan barnehagen var der. Då det vart slutt "adopterte" Selma og Nelly samt Lene Taranger ideen og no har treffa vore halde i tre og eit halvt år..

- Vi hadde lyst til å føre dette vidare i kristen regi, seier Nelly. Ho presiserer at dei held ein heller låg profil med omsyn til misjonering. Men det er ei andakt kvar gong og kristne songar. Det sosiale samveret mellom foreldre og born er vesentleg.

- Korleis blir treffet marknadsført?
- Vi satsar ikkje mykje på det. Det innskrenkar seg til oppslag på helsestasjonane, SPAR og uskedalen.no. Den beste PR-innsatsen er den som går frå munn til munn!

Småbarnstreffa er godt planlagde. Det lagast program for eit "semester" om gongen og allereie ved årsskiftet kan ein sjå kva som kjem og kan planleggja etter det. Under våravslutninga kan Nelly også frista med nyfødde lam og killingar!

Zjakk-trioen scorar på fagleg dugleik og god service

Av Ola Matti Mathisen



Zjakk-trioen satsar på fagleg dugleik og god service og her er det Magnhild Skogtun frå Herøysund som får glede av det. Frå høgre står Klara, Linn Helen og Ann Christin. (Foto: Ola Matti Mathisen).

- Vi satsar på fagleg dugleik saman med god service, seier Klara Bakke (42) og Ann Kristin Hardrich Huke (39), som eig Zjakk Frisørsalong saman og har Linn Helen Fausk (23) frå Omvikdalen som tredje hjulet på vogna.

Klara og Ann Christin eig halvparten kvar, men forsikrar Uskedalsposten om at dei aldri har hatt nokon form for maktkamp seg imellom.

- Vi har alltid vore veldig einige om alt, seier dei og står til truande.

Historia om Zjakk bekreftar ellers at det slett ikkje er nokon ulempe å driva servicenæring i Uskedalen – snarare ein fordel.

Men vi tek sjølve historia først:

Kjersti Øvsthus (Brakstad) opna salong i kjellaren på Solheim i 1986. Det hadde då ikkje vore nokon frisørsalong her i bygda i det ein kan kalla ”nyare tid”. Kjersti døypte den til Zjakk – inspirert av spelet. Ho satsa naturleg nok på sjakkmønster i golvet!

Klara og Ann Christin starta samstundes i frisørlæra i 1985, Klara i Husnes Dame- og Herrefrisør og Ann Christin i Gretes Frisørsalong i Rosendal.

- Vi er dei einaste frisørane som har fått heile utdanninga i Kvinnherad kommune, fortel dei.

Det vart oppretta ei eigen klasse ved Kvinnherad videregående skule for Klara og Ann Christin – og ein bilmekanikar.

Dei gjekk to år på skulen under læretida, som vara i tre og eit halvt år. Det var undervisning ein gong i veka, i faga fysikk, matematikk, norsk og yrkesteori.



Linn Helen hjalp til med somartips til håret.



Birte i frisørstolen på Zjakk.

Då dei skulle ta fagbrevet etter tre år, kom det ein ny modell og då heldt dei fram i eit halvt år til og fekk svennebrev.

Ann Christin overtok salongen til Kjersti i 1991 og dreiv han til i mars 1998. Då starta ho saman med Klara og duoen kan altså feira tiårsjubileum for samarbeidet i år! Men dei flytte over til gateplan på Brekketoppen og sidan til det tidlegare Samyrkelagsbygget der dei framleis er å finna. Gjennom åra har dei hatt to lærlingar som har gått tida ut og ein som har flytta. Linn Helen er ferdig med læretida og eigarane har no ingen planar om å få inn ein ny lærling.

- Det er til å leva av, svarar Ann Christin og Klara når vi spør dei om det er god butikk å klyppa folk i Uskedalen.

– Kundane er der, dei kjem heilt frivillig, legg dei til. Og kundane kjem frå heile Kvinnherad – frå Utåker til Mauranger. Det talar sitt tydelege språk om at Uskedalen har ein gunstig plassering midt i kommunen.

Men Zjakk-suksessen har sjølvsagt ikkje berre med plasseringa å gjera – i tillegg kjem godt fagleg omdømme og service-innstillinga som vi allereie har vore innom.

For å halda på standarden er trioan mykje på kurs - som oftast to store og to små i året. Dei har reist så langt som til Marokko for å kursa seg og no står Marbella i Spania på ønskelista.

Kursdeltakinga er viktig både for å halda seg à jour med motene og ha eit sosialt samver med kolleger. Zjakk er ellers med i Tendenz-kjeda. Dei nyttar produkta deira samstundes som dei får fagleg påfyll.



Ein kan gjere mykje spennande med håret når ein har litt lengde på det, sjå berre på Elisabeth her.

Sommarfrisyre.

Av Elisabeth Rebaudo, Bente Y. Halvorsen, Birte Nybakk, Victoria Eik og Karoline I. Amundsen



Over: Bente klar for sommarfrisyre
Til venstre: Linn Helen satte håret opp og fletta det.
Under: Dette vart skikkeleg fint.



Alle er opptatt av håret sitt. Vi har difor vore på Zjakk og snakka med Linn Helen Fausk om sommar og hår.

-Er det kort eller langt hår som er in i sommar?

-Det er kort som er in denne sommaren, Bob-frisyre.

-Er det krøller eller stritt hår folk helst vil ha?

-Begge deler, men mest stritt.

-Kva råd har du om farging når det gjelder sommar ?

-Ikkje raudt. Sollyset øydelegg den raude fargen. Lyse striper er mykje betre om sommaren.

-Korleis kan du stella håret når du bader masse i salt vatn?

-Kur og pleieprodukt.

-Kva ynskjer gutane mest om sommaren?

-Kort hår.

-Striper gutane håret om sommaren?

-Ja, nokon gjer det.



Over: Birte har brukt strittetang og fått glatt hår.
Under: Karoline har fått ein stilig sommarfrisyre.



Uskedeling vart fotograf i Iowa

Av Ola Matti Mathisen



”Soldater frå Uskedal” er påskrifta på dette fotografiet, men når det er teke veit ein ikkje.

Chris P. Myklebust (1869/1936) frå Uskedalen reiste i unge år til USA der han utdanna seg som fotograf og starta ”Myklebust Studio” i den vesle byen Eagle Grove i Iowa. Han er til no truleg den einasate uskedeling som har utdanna seg som profesjonell fotograf.

Fire gonger drog han attende over havet og tok mange bilete frå gamlelandet. Dei er ein spesiell kulturskatt som fleire kvinnheringar har nokre eksemplar av i privatarkiva sine og vi gjev att nokre av fotografia i denne reportasjen.

Chris var så dyktig at han var representert i den vidgjetne utstillinga ”Promised Land” som i samband med utvandrarjubileet i 1985 vart vist både her i landet og på den andre sida av Atlanterhavet.

Han heitte Kristian Pedersen Myklebust så lenge han budde i Noreg. Fødestaden var Udlabrotet, som vart kalla berre Plasset. Der slo bestefaren hans seg ned. Faren var Peder Bertelsen, som flytta med familien til eitt av bruka på Myklebust, der Kristian vaks opp. Som mange andre på den tida vart han gripen av utferdstrongen og allereie då han var 21 år gamal i 1890 drog han ”over dammen”. Enten like før eller like etter ferda gifta han seg med uskedalsjenta Anna, som var frå Eik. I ”the promised land” dreiv han nokre år som farmar, men braut over tvert og drog til Illinois for å utdanna seg som fotograf. Det var eit dristig grep, for på den tida var fotografering ein ny ”kunst”, berre nokre få tiår gamal. Det var langt mellom dei profesjonelle fotografane.




Beinavikjo i 1914 fotografert av Chris P. Myklebust. CCC har teke over fabrikkjen og nett utvida med eit større tilbygg. Bak tilbygget ser ein arbeiderbustaden som også CCC sette opp. Biletet er å finna i boka ”Sild i boks”.




Frå Rosendal fotografert av
Chris P. Myklebust.



Skånevik fotografert av
Chris P. Myklebust.



Toftenvåg sett gjennom
kamerallinsa til Chris P.
Myklebust.



Chris. Myklebust
fotograferte også langs
Sørfjorden. Dette bilete er
frå Tyssedal.

Difor var det litt av ein pionerhending då han slo seg ned og starta fotostudio i Eagle Grove rett nord for hovudstaden Des Moines og heldt på med fotografering resten av livet. Under ferdene sine til Noreg tok han mange bilete for å livberga seg. Då han kom attende til sin nye heim, selde han dei til norskamerianarar som gjerne ville ha fotografiske minne frå stadene der dei hadde sine røter. "Views frå Norway", som Chris nytta som ein fellesvignett, vart populære i det norskamerikanske miljøet.

Han tok mest landskapsbilete, men også folkelivsbilete og nokre bilete frå arbeidslivet. Han var på farten rundt om i heile Sunnhordland og delar av Hardanger, Frå Kvinnherad har han lagt etter seg bilete frå Fjelberg i sør til Mauranger i nord. Truleg gjorde han første Noregsturen i 1898 eller 1899 og då var han mellom anna gjest under brullypet til søskenbarnet sitt i Uskedalen. Også då skal han ha teke bilete utan at det har vore mogeleg å oppspora dei. I 1905 var han her att og fotograferte mellom anna på fleire gardar i Mauranger. Eitt av desse bileta er med i

fotosamlinga som Ænes husmorlag gav ut for nokre tiår sidan.

Frå 1914, då Chris gjorde si tredje reise, ligg det føre eit panoramabilete som Myklebust tok frå holmen i Uskedalen, men som det ikkje har lukkast oss å oppspora. Der kan ein mellom anna sjå at arbeidet på kyrkja er i gang – likeeins arbeidet med å hogga inn namna på bautasteinen som vart avduka 17. mai det året. Når den fjerde reisa fann stad veit vi ikkje. Eit bilete frå arbeidslivet i Uskedalen tok han også – det var av to karar i gang med grøftegraving i Myro. Chris budde mest hos slektningar i Uskedalen då han var i gamlelandet. Det blir fortald at han som ein praktisk løysing før det kom innlagt vatn framkalla og kopiera bileta ved ein bekk som rann like framom tunet, les vi i ein reportasje i Kvinnheringen frå 1985.

Då Chris døydde i 1936 selde enka fotoatelieret i Iowa til ein annan fotograf, men kva som seinare skjedde med atelieret og fotosamlinga er uvisst. Det har så vidt Kristian Bringedal kjenner til ikkje lukkast på finna samlinga med originalplatene.

Hagemøblar, gjødsel, kalk, mold og bark finn du hos:



Opningstider:

Mandag – Torsdag 09.00 – 16.30

Fredag 09.00 – 18.00

Lørdag 09.00 – 14.00

Omvikedalsvegen 370

Telefon 99 38 48 70

Sommartips!

Av Bente Halvorsen og Birte Nybakk

Det er mykje moro å finne på når det er sommarferie. Her har vi funne fram nokre aktivitetar som vi synest er kjekke å drive på med når det er sommar.



Fotografi

Likar du å ta bilde?

Her er det masse du kan ta bilde av! Skog, fjell, blomar, sjøar, venner og familiemedlem, kanskje eit fint kjæledyr! Pluss mykje anna!



Ridning

Når du skal ri må du ha utstyr som : ridebukser, hjelm, hanskar, gamle sko eller støvlar med hel.



Bading

Når du skal bada om sommaren, kan du velgje mellom å bada i heimebasseng, eller å bada på den gamle, gode måten, nemleg i sjøen. Uansett bør du ha badekle.



Sport

Nokon synest vel at fotball er ien viktig del av sommaren, og det er vi heilt einige i. Viktigast i fotball er gode sko og kle til å trene i.



Camping tur

Camping er òg ein fin ting å gjere på sommaren. Somme plassar det er fint å campe er Rabben Camping, Røldal, Mannsvatnet, Fjellandsbøvatnet og Seljord.



Iseting

Is er iallefall viktig! Har du nokon gong kjent smaken av ein herleg is i sommarvarmen? Det er godt, det!



Fjelltur

Å gå i fjellet er ein fin ting. Her er nokre tips: Ådnaklett, Mannsvatnet, Ulvanåso, Kalkestasjonen og Halsatoppen.



Trampoline

Hopp og sprett og tsjo og hei!!
Likar du å hoppa på trampoliner?
Det gjer vi i avisgruppa!




Shopping

Treng du nye sommarkle? På Husnes har dei eit flott utval, så det problemet har du sikkert ikkje lenge viss du kjem deg til Husnes. Vi vil anbefale det!

Eit viktig stykke Uskedalshistorie til sals

Av Ola Matti Mathisen



Tippehuset er et viktig stykke Uskedalshistorie. Slik ser det ut frå Beinavikjo. (Foto: Ola Matti Mathisen).

I mai var eit viktig stykke Uskedalshistorie på visning og det blir spanande å sjå om det lukkast å selja det svært spesielle huset som er til sals. Det var ikkje skjedd då dette nummeret av Uskedalsposten gjekk i trykken. Nokre bod var kome inn, men dei var ikkje høge nok for eigarane..

Det såkalla Tippehuset i Beinavikjo 9 vart bygt i 1954 for å gje dei tilreisande jentene til hermetikkfabrikken i Beinavikjo husvere.

Frå 1973 har huset vore nytta som fritidsbustad for ein Bergensfamilie og Kari Kulvik, Per Ingebrigtsen og Ola-Christian Michelsen er eigarar no. Bygningen er over fire etasjar pluss høgloft og inneheld mellom anna 8 soverom i 2. etasje og 6 soverom i 3. etasje. Det er fin utsikt mot vika og fjorden, men huset har berre tre meter strandline.

Det stod også å lesa i salsprospektet at det må påreknast ein del oppgraderingar for å tilfredsstille dagens krav til standard. Standarden må bedømmast på bakgrunn av byggeår og opprinneleg bygningsteknisk standard og utførelss. Det er i liten grad skjedd moderniseringar og oppgraderingar med unnatak av forefallande vedlikehald og utskifting av nokre vindauge i yttervegg. Samanlikning med bygning oppført etter dagens bygningstekniske krav og utførelse er ikkje relevant, heitte det i salsprospektet.

Huset har eit bruksareal på 469 kvadratmeter og eit primæreal på 357 kvadratmeter. Prisantydningen var 1.490.000 kroner. Det var ikkje akkurat kø under visninga 20. mai. Dei rundt 10 som møtte var nok meir skodelystne enn kjøpelystne.



.... Og slik ser det ut frå gateplanet.
(Foto: EiendomsmeglerVest)



Det er flott utsikt frå Tippehuset, men det har berre tre meter strandline. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det knytter seg ikkje berre viktig Uskedalshistorie til dette huset, det kan føra si historie heilt attende til Øygarden nord for Bergen. Det vart flytta til Stølavikjo og kalla Sjøtun og Edvard og Tora Myklebust hadde snikkarverkstad og familiebusstad der. Uskedalensposten har skreve om dette tidlegare. Etter krigen skulle huset flyttast og byggjast opp att som bustad for arbeidarane på fabrikkjen. Rivinga var godt i gang då det kom ein kraftig storm og fekk den tomme bygningen til å rasa saman.

Dei som kom på visninga kunne sjå at huset i stor grad er slik som det var då det fungerte som hybelhus for jentene på hermetikkfabrikken. Slik sett er det eit unikt museum som fortel om ei anna tid. Som ei understreking av det er også dei gamle skilta på plass, til dømes ”Spytning i trappen forbudt”. På veggane heng mellom anna dei svært strenge ”føresegner” som galdt for huset og som tydelegvis er

flytta over frå den tidlegare ”Arbeidarbustaden” ettersom dei er datert 1. november 1950. Her blir det mellom anna opplyst at det skal bu to på kvart rom og at løyve til å taka imot vitjing må gjevast av styrarinna for kvar einskild gong. Vitjarane tek ein i mot i matsalen og dei som kjem på vitjing må ikkje takast inn på rommet utan samtykke frå romkameraten og styrarinna, blir det slått fast.

Mange har minner knytta til Tippehuset, som førte gode koneemner til bygda. Disponent Gunnar Flatebø hadde ei vanskeleg oppgåve då han skulle passe på jentene og han gjorde ikkje oppgåva lettare for seg ved å risla med nøklane då han hadde kurset mot huset.. Leif Sunde frå Uskedalen fortalde i boka ”Sild i boks” kor livleg det var på Tippehuset når brislingflåten låg i hamn i helgane. Men mest sjau var det på den gamle boligen.



Opphaldsromma har ein heimkoseleg atmosfære. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Eit glytt inn i eit av dei 14 soveromma i Tippehuset. (Foto: EiendomsmeidlerVest)

- Alle notarane for og rende rundt i huset. Ei gamal enkje frå Tysnes budde der, og henne egla dei på. Ho budde i andre høgda, og heiv ned surmjølk i hovudet på dei.. Om søndagane kom ho farande oppover vegen og skulle ha tak i bestyraren for då var det så gale. Men kjeltringande sprang og gøymde seg, mintes Sunde. Men han la til at mange av tilflyttarjentene, blei koner i bygda.

Nyttårshelga i 1962 var det over og ut for hermetikkfabrikken – då brann han ned til grunnen. Dei nærmaste åra fekk Tippehuset ei ny rolle – då vart det i staden eit ”mannehus” – for mennene som bygde Sørål og det nye Husnes-samfunnet.



Skilt og ”føresegner” minner om ei anna tid. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Det er mange fine møblar i Tippehuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)



I 1962 brant fabrikken og dermed var det over og ut med Tippehuset. Men det fekk ein ny funksjon. Tippehuset lengst til venstre på biletet.

Vetle Haugland – småbruk med stordrift

Av Ola Matti Mathisen



Arne Haugland og dei to sønene, Tor Ove og Stian (til venstre) foran den imponerende maskinparken,

I Uskedalen er det mange driftige folk som gjer ein innsats det står stor respekt av. Men ingen bør bli fornærma når ein trekk fram folket på Vetle Haugland spesielt. Der har tre generasjonar gjort eit storverk og vist at det er utruleg kva ein kan få ut av eit småbruk hvis ein har vilje og pågangsmot. Haugland Maskin har vorte ein imponerende, forlenga arm av jordbruksdrifta.

- Men eg hadde ikkje makta dette utan dei to sønene mine. Dei er drivkrafta i maskinsatsinga og utan dei hadde eg nok trappa ned i staden for stadig å utvida. Det seier Arne Haugland (51) til Uskedalsposten når han bevilgar seg ei lita pause i slåttestyret. Oppdrag i Husnesområdet ventar og der reknar han ikkje med å bli ferdig før midnatt.

Arne er gift med Edith (49) som er født Vågen og frå Åkra. Edith jobbar 50 prosent som postkjørar og mykje meir enn 50 prosent på bruket. Dei har sønene Tor Ove (29) og Stian (24) som har full jobb som maskinkjørarar. To søstre har ”emigrert” til Seimsfoss og Halsnøy. Men i tillegg til kvartetten på Vetle

Haugland må ein ta med den eldre generasjonen, for Trygve og Sigrun står framleis på i fjøset når det trengs. Vetle Haugland har og ei forlenga arm i Åkra: Der køyrer svoger Ragnar Vågen ei ”utplassert”gravemaskin på heilårsbasis.

Her er ein stutfatta statusrapport for Vetla Haugland som gardsbruk: Vel 80 mål dyrka jord og like mykje pakta. Arne har sjølv dyrka opp 20 mål og 13 mål hos naboen Thomas Eide, som han også paktar. I det moderne fjøset er det plass til 17 mjølkekyr og så mange er det der no. Dei har i overkant av 30 ungdyr og 50 vinterfora sauer.

Arne, som framleis ønskjer å bli titulert som bonde, overtok Vetle Haugland 1. januar 1992. Då hadde han allereie i nokre år drive med rundballpressing fordi bruket åleine gav for dårleg lønsamheit.

- Eg dreiv berre i Uskedalen frå starten, men no har vi oppdrag frå Utåker til Nordrepollen og Åkra. Til å begynne med hadde eg ei presse som ikkje kutta graset, eg måtte ha ei skiveslåmaskin i tillegg. Det var ein mykje meir arbeidskrevjande prosess enn no og han gav dessutan ingen garanti mot dårleg silofor, fortel Arne.



Arne har eit imponerende livsverk bak seg

Difor kjøpte han ei ny presse som også kutta graset og han satsa i tre-fire år på samarbeid med Svein Ottar Rørheim, som også hadde pakkemaskin. For få år sidan kjøpte Arne slepeslåmaskin, pakkemaskin og ny rundballepresse.

Og her passar det å smetta inn den nye dimensjon på Vetle Haugland. Han heiter altså Haugland Maskin og vart danna rundt år 2000. Arne presiserer at det ikkje er noko eige firma, men ein forlenga arm under det same organisasjonsnummeret som gardsdrifta. Først må dei tre traktorane nemnast. Den eldste er heilt frå 1991 medan dei to nyaste kom på garden i 2006 og 2007. Alle tre er av merket John Deere, og alle er godt fornøgd med den ein-sidede satsinga.

- Gutane vil ikkje køyra noko anna. Skiftar vi til eit anna merke sluttar dei i jobben og det kan vi ikkje risikera, ler Arne.

Så har Haugland Maskin tre gravemaskinar. Ein er i arbeid rundt i heile kommunen, medan ein er i Åkra og ein akkurat no har Haugland som "base". Hvis ein summerer opp kva maskinparken til Haugland Maskin er verd, stoppar det ikkje før ein har passert fem millionar.

Det er ingen spøk å forrenta ei slik investering, men Arne forsikrar at han søv godt om natta.

- Så lenge dei to som kjem etter meg vil vera med på laget er det ingen fare, seier faren som strekar under at dei investerer i sin eigen arbeidsplass. Å leiga inn folk er ikkje aktuelt og har aldri vore det.

- Men korleis marknadsfører du tenestetilbodet ditt?

- Eg har aldri satsa på noko marknadsføring, det er berre munn-til-munn-metoden som har vore i funksjon. Når vi likevel har hatt nok å gjera og stadig har fått meir, kan ikkje forkåringa vera noko anna enn at kundane er fornøgde med oss.



Edith og Arne Haugland spelar godt på lag.

Men konkurransen er kolossal og har stadig vorte skarpere. Til dømes er det fleire som no drev med forpressing. Likevel har vi stadig auka vår del av denne marknaden.

Pågangen etter gravemaskintenester er også utruleg stor. På desse maskinane er det ikkje meir stopp enn høgst nødvendig og vi har no ventetid til uti 2009..

- Så har da også Tor Ove ord på seg for å vera den flinkaste gravemaskinkøyraren i Kvinnherad...

- Det skal ikkje eg protestera på!

- Kva er forklaringa på at sønene dine er så ivrige etter å vera med på laget og alltid har vore det?

- Ein viktig grunn er at eg slapp dei til bak spakane tidleg og at dei fekk lov til å prøve seg fram. Og dei sit ikkje berre bak spakane – dei tek også eit tak i fjøset om det trengs.

- Har du vorte millionær, Arne Haugland?

- Nei, ikkje i anna enn i verdiar!



Heim med bølingen til kvelds....

Kunst og Ramme

Uskedalen

Tlf. 41 50 41 15

ALT INNEN INNRAMMING

Nyvaska bil til ferien?

”Tenk, no tar snart ferien til,
Og vi trur at du gjerne vil,
Ha nyvaska bil når du skal på
tur,
Stikk innom oss, då er du lur ☺”

**Prøv vårt nye sjølvvaskeanlegg
med mattevaskar og
støvsugar!**

YX Uskedalen

Tlf: 53 48 64 33



Auto BB



expert



Husnes Tlf. 53 47 16 08

DIN LOKALE LEVERANDØR



TELEFON 53 48 61 01

Likar du is i sommarvarmen?

Av Karoline I. Amundsen og Birte Nybakk.

Vi i Hobbyklubben synest at is er ein viktig del av sommaren. Difor spurde vi ein rekkje spørsmål til ansatte ved Spar og Texaco i Uskedalen.



På Texaco snakka vi med Siv Kyrkjeide.

- Likar du is?**
- Nei, eg er sikkert den einaste som ikkje likar det!
- Kva is sel de mest av?**
- Kroneis trur eg.
- Kva is liker du best?**
- Ingen.
- Har du smakt alle isane i butikken din?**
- Nei.
- Kva sortar is har de i butikken?**
- Alt i frå Kroneisar og pinneisar til iskaker og boksis.
- Kor ofte et du is?**
- Veldig sjeldan sidan eg ikkje likar is.
- Er det mange av dei ansatte som et is?**
- Ja, alle unntatt meg!
- Kva heiter isleverandøren dykkar?**
- Diplom is.
- Kva årstid sel de mest is?**
- Om sommaren sjølvsagt!
- Likar du sommeren?**
- Ja!



På Spar snakka vi med Jeaneth Sundal Rangsæter.

- Likar du is?**
- Ja, kjempegodt.
- Kva is sel de mest av?**
- Boksis, Sørlandsis.
- Kva is liker du best?**
- Friskis.
- Kva sortar is har de i butikken?**
- Mange forskjellige.
- Kor ofte et du is?**
- Mest om sommeren, då et eg kanskje kvar dag.
- Er det mange av dei ansatte som et is?**
- Nei, ikkje på jobben.
- Kva heiter isleverandøren dykkar?**
- Henning Olsen.
- Kva årstid sel de mest is?**
- Sommeren.
- Likar du sommeren?**
- Eg elsker den.

Bruk sommaren til å testa isar du og !

Uskedalsposten sin store istest.

Av Redaksjonen



Heile redaksjonen var samla i båthavna. Her med siste isen i testen, men slett ikkje islei!

Denne sommaren ville vi i Uskedalsposten teste ut nokre av dei nye issortane, og nokre av dei som har vore på markedet lenge. Vi testa både isar som blir selde på bensinstasjonen og matbutikken i bygda. Dei har ulike isleverandørar, og då ulike istypar. Båthavna var møtestaden vår ein fin maidag. Vi rigga oss til med penn og papir og veldig klare for å eta is! Dette var ein av dei mest smakfulle aktivitetane ved arbeidet med dette nummeret av Uskedalsposten. Testpanelet var redaksjonen sine ungdomar og Britt Torill og Ola Matti. Vi gav isane terningkast 1 til 6, der 1 var dårlegast karakter og 6 topp karakter.



Over: Dei to mannlege istestarane i djup smakskonsentrasjon.



Nye sandwich: Lyst kjeks. Rosa og kvit is.

Birte: Både jordbær og vaniljesmak, veldig god kjeks, god. Terningkast 5.

Bente: God smak. Terningkast 6

Karoline: Nam, den var god. Vanilje og jordbær. Terningkast 6.

Lars: God. Smaker litt kake. Terningkast 4.

Elisabeth: Den smaker kake. Terningkast 3.

Victoria: God smak. Terningkast 5.

Anita: Den var veldig god på smak. Terningkast 5.

Britt Torill: Den rosa delen var alt for søt.

Terningkast 3.

Ola Matti: Ordinær. Terningkast 3.



Dumle: Stor kjeks med sjokoladetrekk. Karamellstang i midten av isen.

Birte: Karamellsmak. Terningkast 5.

Bente: Karamellsmak. Terningkast 5.

Karoline: Rar på smak. Terningkast 3.

Lars: God, smeltende sjokoladetrekk.

Terningkast 1.

Elisabeth: Karamellsmak og kjeks. Veldig god. Terningkast 4.

Victoria: Karamell og god. Terningkast 4.

Anita: Den var litt kvalmande med karamellsmaken. Terningkast 3.

Britt Torill: God sjokolade og kjeks. God karamell gjennom heile isen. Terningkast 5.

Ola Matti: Herlig. Terningkast 5.



Fruktz bringebær: Sorbetis med bringebær og pasjonfrukt.

Birte: Ganske sterk smak. Smakar nyplukka bringebær. Sur. Terningkast 4.

Bente: Fruktsmak. Terningkast 4.

Karoline: Den var knallgod. Det kjennest ut som om du har plukka bringebær rett frå busken. Litt kald i munnen og litt dyr. Terningkast 6.

Lars: Søt og smaker som bringebær rett fra busken. Terningkast 6.

Elisabeth: Smakar bringebær, kjempegod. Terningkast 6.

Victoria: Smakar bringebær og er dritgod. Litt kald og litt sur. Terningkast 6.

Anita: Den var kjempegod med frisk smak. Terningkast 6.

Britt Torill: Masse fruktsmak. Skikkelig frisk.

Veldig kald. Fekk lyst til å gå å kjøpa ein heil.

Litt dyr. Terningkast 6.

Ola Matti: Flau. Terningkast 2



Royal Trippel. Heilt sjokoladetrekt is. To lag sjokolade og eit karamelltrekk. Birte: Vanvittig god. Føles som om eg svever på skyer. Terningkast 6.

Bente: Veldig god. Terningkast 5.

Karoline: Det var masse sjokolade og karamell. Den var litt kvalmande. Terningkast 3.

Lars: God. Terningkast 4.

Elisabeth: Den var veldig god. Terningkast 5.

Victoria: Vanvittig god. Karamell. Terningkast 5.

Anita: Den var ikkje så god. Terningkast 2.

Britt Torill: God karamellsmak med ein gong. Ikkje søl då har sjokoladetrekk rundt heile isen. Sikkert kjempegod med ein kopp kaffi til. Terningkast 6.

Ola Matti: Kongelig. Terningkast 5.



Spicy: Sjokoladeis i boks med chili. Skjei følgjer med i lokket.

Birte: Veldig god. Svir i halsen etterpå! Terningkast 3.

Bente: Veldig sterk smak. Svir i halsen. Terningkast 2.

Karoline: Den var ikkje så god. Det skjer noko i halsen. Terningkast 3.

Lars: Veldig god med chili! Terningkast 6.

Elisabeth: Sterk smak. Brenner i halsen. Terningkast 2.

Victoria: Sterk smak. Brenn i halsen. Terningkast 2.

Anita: Den var god, men litt for sterk. Terningkast 2.

Britt Torill: Alt for sterk! Ikkje noko å kose seg med. Praktisk med bøtte og skei. Terningkast 2.

Ola Matti: Frekk. Terningkast 3.



Dyreparkis, eske med 10 ispinner. Ulike smakar i kvar is. Både saftis og krem.

Birte: Veldig god! Nam! Verdens beste is! Terningkast 6 med glans.

Bente: Beste isen. Veldig god. Terningkast 6.

Karoline: Den er knallgod. Det er fleire smakar i den, og fem fargar. Ein av dei beste isane. Terningkast 6.

Lars: God. Terningkast 6.

Elisabeth: Kjempe god, masse fargar. Terningkast 6.

Victoria: Det er fem ulike smakar. Drit god. Terningkast 6.

Anita: Er veldig god på smak. Terningkast 5.

Britt Torill: Fargerik. Veldig god pæresmak i starten. God vaniljesmak til avslutning. Terningkast 5.

Ola Matti: Bånn. Terningkast 1.



Vi kunne ikkje hatt ein finare dag å kosa oss med is enn dette. Panelet er forventningsfulle og klar for å sette sin dom.



Birte nyt siste rest av Friutz-isen.
Elisabeth sjekkar kva terningskast Birte har gitt.



Panelet var veldig flinke til å skrive ned kva smaksopplevelse kvar is gav dei.

Som de ser så er smaksopplevelsen forskjellig blant istestarane. Godt er det då at det er mykje å velja i når vi kikkar ned i frysen for å finne oss ein is.

Den isen som var mest spesiell i denne testen, er heilt klart Spicy, som er ny av året. At Dyreparkisen, som selges i eske med 10 i kvar,

Kjem så bra ut er eit pluss for billigisen. Mange synest nok at småisen er noko dyr, og ein merkar det i lommeboka når til dømes heile familien skal ha seg ein av dei store småisane. Men is høyrer sommaren til, og at det er godt er alle i panelet samrøsta einige om. Ha ein god sommar og kos deg med alle dei variantane av is som finst på markedet!

Sommarmote

Av Elisabeth Rebaudo, Karoline I. Amundsen, Birte Nybakk, Victoria Eik og Bente Y. Halvorsen.

Det er alltid spennande å sjå kva som kjem i klesbutikkane når sommaren nærmar seg. Vi var heldige og fekk koma til You Who og prøva ut nokre flotte sommarantrekk.



Uskedalsposten sine mannekenger er Victoria Eik, Elisabeth Rebaudo og Kristoffer T. Hansen

-Er alt lov i sommarmoten?

-Ja .

-Kva er trenden denne sommaren

-Masse skjorter til gutar, tunikar for jenter og masse knall fargar.

-Kva tid begynte klesbutikkane å tenkje på sommarkler?

-På høsten.

- Kva tid kjem sommarklede i butikkane?

-Våren.

-Kva er det folk pleier å gå med om sommaren?

-Shorts,t-skjorte og kjoler.

- Kva farger er in i sommar?

-Kvitt, grått, knall rosa, blått og masse fargar.

-Har du nokon tips om sommarmote?

-Det viktigaste er å finna det du sjølv likar å gå i .



Trude Hjørnevåg var veldig flink, og hjalp oss med klær og tips.



Over: To glade sommerjenter klar for tur.



Over: Eit tøft antrekk som passar tøffe jenter.



Over: Gutar,de kan gle dykk over mykje tøft til sommaren! Kristoffer har her funne seg eit antrekk han blei kjempestilig i.



Over: Eit deilig sommarantrekk!

Hagepleiaren

Av Torfinn Myklebust Foto: Ola Matti Mathisen



Edvin Kjærland har runda 75 men held tempoet oppe.

Store delar av dagen og veka arbeider han med andre sine planter, plenar og hagar om våren, sommaren og hausten. Han steller, planter, vatnar og gjer det triveleg for mange.

Edvin Kjærland er pensjonist og er i sitt 76. år, men er ikkje så mykje prega av alderen når det gjeld arbeidstid. Han er oppe i 6-tida om morgonen. Då startar dagen med nyhendesending i radioen. Han må ha med siste nytt før dagen startar for fullt. Men når vi skriv at pensjonisten er så tidleg oppe, vil han gjerne leggja til at han likar å leggja seg ikkje seint om kvelden.

Han likar å stella med planter og prøva å få det pynteleg og fint der han er: Ugras vert teken bort med hand og med kjemiske midlar. Vasskanna er eit anna hjelpemiddel til å få blomstrane fine. Og oppå eller bak grasklipparen har han mange timar i desse dagar.

Mykje tid går det mellom annan på idrettsbanen på Døssland. Når det er god vekst, må banen klippast to gonger for veka. Her skal det også gjerast triveleg rundt banen med å få bort boss og anna som skjemma ut. - Banen er bra og mykje brukt, seier Edvin Kjærland. Han gler seg over at born og ungdom får nytta banen meir enn før. Å få vera på ein god grasbane, er fint og skaper større interesse for idrett mellom dei unge. Enkelte stader er det A-lagsspelarar som har førsteprioritet.

Andre lag

Utanom å stella godt med idrettsbanen er Edvin ein

god mann for båthamna, ungdomshuset og Uskedal Utvikling. I båthamna står han for slåing av plenen, tilsyn med plantene og reparasjon av ymse trearbeid. Han vil gjerne seia at fleire i båtlaget gjer ein god jobb for laget og bygda. Båthamna er eit godt tilbod for bygda og båtturistar som kjem til bygda. Turistane likar å vera i hamna og set stor pris på den fine informasjonen dei får av dei som steller med hamna.

For Uskedal Utvikling passer han på å halda det fint rundt "gamleskulen" - plenen og plantene må vera godt haldne og vera i godt hevd. Edvin passer på det. Ungdomshuset er dessutan ein stad han av og til er, med bosshandsamling og vøler småting om det skulle vera trong for det.

Hytta

Då Edvin vert utfordra med spørsmål om "kva meir driv du med", så fortel han om arbeidet med å byggja på ungdomslaget si hytte, "Fjelly", ved Mannsvatnet. I lag med mange andre la han ned mange timar her med å forlengja hytta frå seks meter til nesten 11 meter. For 3-4 år sidan var to nye soverom med tre senger i kvart rom, ny skorstein og ny god, omn frå Rune Myklebust teken i bruk. Det er også kome solcellepanel på hytta.

Han er også med på den faste dugnaden på stemneplassen i lag med andre uskedelingar.

SIM

På Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM) på Husnes er Edvin ein del. Han er forresten overgidd over kva folk kastar i bosset. Det er mange gode og brukbare ting. Det fortel om at vi har det godt!

SIM har store plen- og parkområde. Her står han for slåing, reperaturar av støypekantar o.l. - gjera det fint. Dessutan står han for skifting av sunde og øydelagte bossdunkar for folk. Han har utskifting av avfallsdunkar i området frå elva i Uskedalen til sørover til Holmedal. Då vi snakka med Edvin i slutten av mai, fortalde han at han den veka hadde køyrt ut og skifta 100 dunkar i det området. - Det er ofte om vinteren bossdunkane vert øydelagte i og med at kulden gjer dei stive, og at dei då kanskje ikkje toler litt hardhendt handsaminga.

SIM har som mål ikkje å sjå ut som ein boss plass sjølv om det er ein boss plass. Det prøver dei, så godt dei kan, men laust papir kombinert med vind gjer det ofte vanskeleg.



Blomane ved Gamleskulen får ein skvett på morgonkvisten

Arbeid for privatfolk

Så er det alle privatfolk som ønskjer hjelp til hagar, plenar, bed, vegar o.a. Det er stor etterspørsel etter Edvin. Så pensjonisten er ikkje arbeidslaus, og vil ikkje verta det. Det vert mange timar hjelp for Edvin for andre pensjonistar eller for yngre folk kvar veke. Kor mange timar som går med, er ikkje Edvin så nøyen med; han tel ikkje timar, men ser etter at arbeidet vert gjort fint.

Edvin Kjærland tenkjer av og til på alderen. -Eg dreg på åra, så eg prøver å trappa litt ned på arbeidet, seier han. Men han liker det han driv på med. Mosjon er det også i det.

Men trening og trimming gjer han også rundt om i bygda. Han har i mange år gått mykje for å hald seg nokolunde i form. I den samanheng er han dessutan med på forskjellige mosjonsløp. Her kan nemnast Opsangervatnet Rundt, Åkra Rundt og Kvinnheradløpet i Rosendal. Det siste har han vore med på seks gonger.

Då han gjekk Opsangervatnet Rundt, hadde han følgje med Leif Thuland. Edvin fekk sjå Postvegen og det storarbeidet som er gjort med å få fram den. Det løpet har han vore med på sju gonger.

Astma

Edvin virkar sterk fysisk, men han har ein av det ein kallar "dei skjulte sjukdommane", astma. Første gongen han merka teikn til astmaen, var i 1958 - 26 år gammal. Han var då ute og trente i 18 kuldegrader. Han kjende at han ikkje fekk nok surstoff. Etter ei tid slutta han så med den intensive treninga han dreiv med då han trenar friidrett.

Han vart betre av astmaen då, men det kom att i 1980-åra. Då dreiv han med smågris på garden. Amoniakk-gass gjorde at han tetna til for brystet. Dessutan måtte det alltid vera varmt i grishuset. Og det gjorde det ikkje betre for den astmasjuka Edvin. Legen sa då at han burde skifta ut bondeyrket med noko anna. Og det vart gjort.

Astmaen førte til at Edvin melde seg inn i Kvinnherad Astma- og Allergiforening. Der hadde han styreverv i ei årrekke. Han er ikkje så aktiv der lenger, men er framleis medlem i foreningen. Og astmaen greier han halda så nokolunde i sjakk, med gode legar og medisiner.

Bonde

Bonde hadde han vore sidan midt på 1960-talet. Det var lange arbeidsdagar på garden. Han hadde griser, nokre få sauer, kyr, og i tillegg dreiv han med grønnsak- og potetproduksjon. Kona og han hadde vel tre årsverk på garden. Han tykkjer i dag likevel han ikkje tente så mykje den gongen. Som samanlikning seier han at då kona, Solveig, byrja på Distriktsheimen i Herøysundet, tente ho like mykje som dei tre årsverka på garden gav av inntekt.

Då Edvin Kjærland slutta med gardsdrift, fekk han arbeid i kommunen - utarbeid. Første jobben var vikariat på bossanlegget i Herøysundet, så var det snikkararbeid ei tid, så tilsyn med idrettsbanane på Husnes, om vinteren vegvedlikehald, reparasjonar av forstøtningsmurar og kaiar.

Han har også drive med kjemikaliesprøyting. Då seier han det var viktig å unngå å få den giftige gassen i seg. -Det gjeld å bruka maske og ha vinden frå seg, seier fagmannen som godt råd.

Uskedal Trelastlager har dessutan vore arbeidsplass for Edvin i elleve år. Like eins har han arbeid i sandtaket til Knut Eide på Haugland, så han har vore allsidig i det han har drive med. Altså ein mann som har kunna og kan brukast til litt av kvart.



Vårens heftigste tilbud !!
XT2 1/8 RTR buggy



Bil med FM sender og 4 liter fuel kun **3090,-**
Kommer med .24,7 motor m/snor



E-Sky Lama V4 RTF **1200,-**

Ferdigbygget fly klart
El helikopter!
Perfekt for nybegynnere og i alle aldra !!

Ta kontakt for tilbud
Vi leverer det meste innen Radiostyrt
WWW.RH-RACING.NO Tlf: 948 01 677

Få straumrekninga rett i nettbanken

e Faktura

Enklare og billegare kan det ikkje gjerast!

KVINNHERAD
ENERGI

FINANSIERING OG FORSIKRING



Lån til båten din
- og forsikring om noko
skulle skje

Har du tenkt på at det er praktisk og lønsamt å ha bank og forsikringsselskap på ein stad?
Hjå oss treff du kunnskapsrike rådgjevera. Vi er her for å hjelpe deg til å få dei tenestane du har trong for, enten det gjeld forsikring, finans- eller tradisjonelle banktjenester.

Bank. Forsikring. Og deg.

SpareBank 
KVINNHERAD

Idrettsmannen

Av Torfinn Myklebust



Edvin er også på fjorden og fiskar av og til.

Han var ikkje nokon spesiell barneidrettsutøvar, Edvin Kjørland. Men god etter Sunnhordlandsmålestokk vart Edvin likevel då han vart vaksen. Han er mellom dei beste friidrettsmenn Uskedalen har hatt, ja, avgjort den beste på mellomdistanseløp og i terrengløp. Han har til saman tre Sunnhordlandsmeisterskap i terrengløp, tre på 3000 meter og to på 1500 meter baneløp, og ein del andre medaljar.

Edvin seier at han tok til med systematisk friidrettstrening først på 1950-talet. Torleif Flatebø hadde vorte nummer to i Sunnhordlandsmeisterskapet i terrengløp i Ølen. Det inspirerte, og fint var det at Flatebø dreiv trening for ungdommar i ungdomshuset. Flatebø var god. Han hadde sprunge for Idrettslaget Fossekallen i Holmenkollstafetten i Oslo.

No hadde Edvin før det vore med i Sunnhordlandsmeisterskapet i terrengløp i Omvikdalen som 17-åring. Der vart han nummer sju; beste ikkje-stordabu. Det var han svært nøgd med. Same sommaren i 1949 var Sunnhordlandsmeisterskapet på bane i Rosendal. Han vart nummer tre på 1500 meter på 4.36,4. Det hadde vore flaum på banen, som frå før ikkje var særleg god. Det var ei grøft over banen som løparane måtte over.

Den gongen var det fotballtreninga Edvin flaut på. På

desse treningane var det mykje springing sidan det ikkje alltid var meir enn 6-7 spelarar på treninga, og dei spela fotball på heile banen, så noko kondisjon vart det av det.

Ikkje påmeldt

På 3000 meteren var ikkje Edvin påmeldt, men friidrettsentusiast Hilmar Mehl frå Rosendal var romsleg og let han få vera med. Det vart ein andre plass på den unge uskedelingen.

Elles hugsar Edvin pokalkampar som like etter krigen var mellom Trio og Uskedalen. Han var ein gong med på 800 meter, men han vengde foten og fullførte ikkje. Trio vann pokalen til odel og eige.

Persar

Når vi vurderer personleg rekordane til Edvin Kjørland, må vi ha i tankane at det ikkje var noko fast dekke dei sprang på, heller ikkje raudstubb. Det var ofte lause bandedekke. Under slike tilhøve sprang Edvin ned på 4.14,8 og 9.23,6 på hhv. 1500 og 3000 meter. Og 15.52 på 5000 meter då han var i militæret. Godt hugsar han då han vann både 1500 og 3000 meteren då Sunnhordlandsmeisterskapet var skipa til i Uskedalen i 1957. Den gongen var det ikkje tvil om kven som var beste mellomdistanseløparen i Sunnhordland. Han sette personleg rekord på 3000 meter og var eitt sekund etter rekorden sin på 1500 meter.

Edvin hugsar som medarrangør og deltakar kor laus banen i Uskedalen var den gongen. For å laga banen slett og gjera han litt meir fast, leigde idrettslaget Arne Eik med lastebilen sin fredagskveld til å køyra runde etter runde for å betra tilhøva noko for løparane. Etter stemnet laurdagen då banen var vorten laus igjen etter piggskorne, kom Arne Eik påny for å køyra mange rundar på banen utpå kvelden - og vera brukbar til søndagsstemnet.

Lureløp

Eit minne har han også frå Sunnhordlandsmeisterskapet på Stord året før då Asbjørn Lunde låg bak og lurte på 1500 meteren, medan Edvin drog det meste av løpet, kring 1400 meter. Stordløparen var best i spurten og vann løpet med to sekundar. Den personlege rekorden til Edvin er frå det løpet. Han vann 3000 meteren det året.

Han har fleire gonger delteke i Krinsmeisterskapet i friidrett for Hordaland. Der er det beste ein fjerde plass på 5000 meter på Voss.

Edvin vil gjerne dra fram det gode kameratskapet som var mellom friidrettsutøverane frå dei ymse lag den

gongen. Det var oppimot 60 deltakarar i Sunnhordlandsmeisterskapa. -Og vi gledde oss svært til desse stemna, seier Kjærland.

Men noko garderobe til skifting av klede var det ikkje verken i Rosendal eller Uskedalen. Her var skogen garderoben og elvane einaste alternativet for vask etter stemnet. I Uskedalen var heller ikkje løpebanen meir enn 280 meter lang. Den korte løpebanen skapte vanskar for oppmerkinga og avviklinga av mange løp, spesielt nemner han dei mange streka det var då 1000 meter stafett vart avvikla. Det vart mange rundar å springa for 3000-meterløparane.

Trening

-Korleis trente de?

-Vi starta med friidrettstreninga noko før jul. Det vart løping to gonger for veka fram til nyttår. Det auka meir på framover vinteren. Då vart det løpetrening tre gonger for veka, og seinare nesten kvar dag, seier Edvin.

Han fortel også om ein treningsleir han var med på Voss i 1957. Den vart leia av den legedariske skeisetrenaren Stein Johnsen. -Han poengterte at den daglege treninga var viktig. Johnsen dreiv dessutan mykje med intervalltrening. For meg gav Voss-opphaldet og treninga etterpå gode resultat, seier han. Edvin kom heim ei veke før Sunnhordlandsmeisterskapet i Uskedalen. Då sprang han tida si det året ned fem sekundar.

Det var fleire som inspirerte Edvin til å trena og delta. Ein av dei som motiverte Edvin, var Einar Myklebust, ein av stiftarane av friidrettsklubben Gular. -Han var interessert i at eg skulle koma til Bergen og melda meg inn i Gular. Eg hadde planar om å gå på Stend jordbruksskule, men det vart ikkje noko av, og dermed vart det ikkje noko Bergensopphald, seier Edvin.

Fotball

-Skribenten hugsar deg som ein god straffetakar i fotball?

-Eg var også med å spela fotball, men noko stor fotballspelar vart eg aldri, sjølv om kondisjonen var god. Teknikken var ikkje like bra, helst rå kraft. Men eg fekk ta mange straffar. Eg tok kring 20 straffar for laget. Det fleste gjekk i mål. Men eg hugsar eg tabba meg ut på Halsnøy ein gong. Det var vatn på banen, og dommaren flytta ballen noko tilsides for straffemerket. Mål vart det ikkje.

Edvin var først back, seinare flytta fram til midtbanen og vidare til angrepet for å avslutta fotballspelinga si på midtbanen. Første kampen hans for A-laget var i 1948 mot Sandvoll. Han heldt på til han var 34 år. Friidrett gav han seg med i 1958. Han var luta lei all hardtreninga. Dessutan hadde han garden med mykje arbeid å gjera.



Edvin i bilen som alle i bygda kjenner.

Han synst at om han skulle ha halde på med friidrett vidare framover, måtte han ha satsa skikkeleg, elles kunne det heile vera, og topp motivert var han ikkje til storsatsing. -Om ikkje treninga er god og i orden, vart resultatata deretter, seier Edvin Kjærland - ein mann som trente mykje; var kanskje eit treningsprodukt?

Idrettsbanen

Tidlegare møttest ungdommane i Uskedalen også på Døssland - Nygardssletta på andre sida av fylkesvegen, ikkje langt frå noverande idrettsbane. Der spela dei fotball og dreiv med friidrett; der trena mange i friidrett, mellom anna Sigvald Eik med bambusstaven sin i stavsprang, som han vart første Sunnhordlandsmeisteren i.

Fem år gamle Edvin hugsar då han og mora ein dag var på skogen etter materiell til å bruka til røyking av kjøt. Då i 1937 gjekk dei forbi tre arbeidarar, Thomas Wang, Sivert Raudstein og Knut Eide, som arbeidde med ein stubbebrytar der noverande bane er. Det var første arbeidsdagen på det som skulle verta idrettsbane i Uskedalen - ti år etter at Uskedal Idrottslag var skipa.

Edvin får i dag med seg ein del idrett - særleg på fjernsynet. Han følgjer med på fotball, men set endå meir pris på friidrett, seier han. Han tykkjer dessutan at det er synd det ikkje er same sving over Sunnhordlandsmeisterskapet no som i 50- og 60-åra. Oppslutnaden om friidretten i Sunnhordland er ikkje den same no. Sjølv er han av og til med som friidrettsdommar, om han får spørsmål om det.

Fast dekke på Husnes!

Kjærland trur gjerne det kunne vorte meir interesse for friidrett om det vart fast dekke på ein av banane i Kvinnherad. Hadde tilhøva vortne meir tilrettelagt, hadde det vore lettare å få fleire leiarar. Og med leiarar, kjem utøvarar. Det tykkjest også som om idrettsungdommane i dag er meir avhengig av leiarar enn før, då gjerne idrettsutøverane var sine eigne leiarar på stemna.

Og Kjærland meiner at Husnes må få fast dekke på løpebanen. Det vil vera inspirasjon for friidretten!

-Det vart ofte ei dagsreise når de skulle på fotballkampar i dei dagar?

-Det vart lange turar når vi skulle spela fotballkamp på Bømlø eller kanskje i Odda. Eg hugsar ein gong vi skulle til Tyssedal. Då reiste vi med ei frakteskøyte frå Sandakaien klokka seks om søndagsmorgonen. Vi kom heim klokka halv eitt om natta. Tre-fire timars reisetid til ein kamp var ikkje uvanleg i den tid. Interesse var stor, og båtane tok med det det var plass til av fotballinteresserte uskedelingar, seier Kjærland.

Han minnest det var fint når Torolf Myklebust gjekk med den hurtige båten deira, "Føyk". Då vart turane raskare unnagjort enn med frakteskøytene som ofte vart brukt.

Organisasjonsarbeid

Edvin Kjærland har fleire år bak seg i Kvinnherad Astma- og Allergiforening, men har vore endå meir aktiv i leiinga i Uskedal Idrettslag, Uskedal Bondelag og Uskedal Grunn- og Elveeigarlag. I idrettslag var han leiar i laget i 6-7 år. Nokre av åra var det tungt å arbeida med idrettslaget. Men mykje arbeid var det likevel. Edvin sitt første verv i idrettslaget kom då han var 14 år. Då vart han materiellforvaltar for alt idrettslaget eigde. Den gongen kjøpte idrettslaget ein fotball for året for over 100 kroner; fleire ballar hadde laget ikkje råd til for året.

I bondelaget var han leiar i 16 år, og i 10 år i elveeigarlaget. Det siste laget vart skipa etter at nokre grunneigarar på lå bondelaget å få i gang eit elveeigarlag. Oppbygginga av Husnes på 1960-talet førte med seg mange nye fiskarar i elva, og ein fann ut at ein burde driva med kultuveringsarbeid.

Kalkingsanlegget

Edvin tykkjer dei som har stått og står i spissen for dette arbeid, har gjort mykje bra. No er det godt med laks i elva. Det var det ikkje for ein del år sidan. Men det har minka med auren. Kalkingsanlegget i Børsdalselva har vore til glede.

Tidlegare dreiv elveeigarlaget saman med Kvinnherad Jakt- og Fiskarlag klekking av laks- og aureyngel i det gamle mjølkelagshuset (i kjellaren der Lises Krambu er). Laksen kom frå andre elvar, mellom annan Matre og Rosendal. Det vart klekt ut over 100.000 yngel i året. Dei vart så sett ut i heile Kvinnherad.

Politisk karriere har dessutan Edvin Kjærland også hatt. Han har åtte år i kommunestyret for Senterpartiet; første gongen innvald 1971. Han har vore formann i kommunen si landbruksnemnd.

Fiskeinteressert

Og Edvin har vore interessert i elvefiske tidlegare, som sjøfiske seinare år. Eitt år på 1970-talet drog han i land 72 aurar på bambusstang og med makk på kroken frå Uskedalselva. Frå elvekjøret som grunneigarar hadde lov til å ha den gongen, vart det berre vel 30 aurar same året.

Edvin har drege opp mange aurar frå elva i dei ivrigaste elvefiskeåra. No er det langt færre. Han løyser kvart år fiskekort, men fiskar mykje mindre. I fjor vart det berre ein aure på kroken.

Derimot har han fiska desto meir i sjøen frå båten sin seinare. Han har drege heim mange fiskemiddagar. Etter kvart er det vorte mindre av det også. -Men eg har alltid likt å fiska, så eg burde kanskje vore i båten meir, seier han. No er det arbeid på landjorda for lag og privatfolk han ofrar mykje tid på. Alt kan han ikkje få tid til, då han har mange hagar og plenar å passa på.

Elvekjør

I si forteljing om elvafiske fortel Edvin også om kjæra i Uskedalselva. Han seier at det har vore til saman 32 kjær i elva, men alle var ikkje i bruk på same tid. Eit kjær kunne sperra opptil 3/8-dela av elva. Det var fram til 1980. Frå år 2000 vart det heilt forbode å bruka kjær i elva, minnest pensjonisten Edvin Kjærland, som etter samtalen med Uskedalsposten skal i fleire hagar for å slå og stella planter.



Edvin er ivrig både privat og når det er dugnad i båthamna.

Kvinnherad;libris
Torghuset
Postboks 204, 5480 HUSNES
Tlf. 53 47 16 26 - Fax 53 48 12 97
kvinnherad@libris.no

ZJAKK
frisør  salong

5463 USKEDALEN - Tlf. 53 48 65 66

LISES KRAMBU I USKEDALEN



- Den mest spesielle butikken i heile Kvinnherad
- I god gammal stil. Her finn du mykje fine og spesielle g aver.

Kjempe utvalg i DUKAR til ca. HALV PRIS, og alt mulig anna. Den fantastiske Evanger korv og f arep lse utan mj ok og tilsetn. stoff. Nydeleg ekte BRINGEB ERHONNING fr  Voss. Heima laga lefser.

Har og BRUKT OG ANTIKK. Mykje fint i kister, bondeantikvitetar og mykje meir.

Oppe: m ndag-onsdag-torsdag: 10.30-17.00
Fredag: 10.30-17.30 laurdag: 10.30-15.00
NB: tysdagar stengt, men heile juli oppe tysdagar 19.00-22.00

Solheim Turiststasjon

Nausthaugen 1, 5463 Uskedalen

Tlf.: 53 48 60 39 - Fax.: 53 47 74 88

Rimeleg overnatting og frukost i ein lun og koseleg atmosf ere, finn du sentralt i Uskedal sentrum. Ope heile  ret.

www.uskedalen.no/Solheim
email: solheim@knett.no

Velkommen til en ekte sportsbutikk!

sport 1
www.sport1.no

Husnes Sport AS

Husnes Storsenter - Tlf.: 53 47 14 04
husnes.sport@sport1.no

KVINNH ERAD
AUTO

Brekketoppen, 5463 Uskedalen
Vakttelefon 926 40 546 - Tlf: 53 48 63 22

- Bilutleie
- Understellsbehandling
- Viking/NAF redningstjeneste
- Sal av Tysse-tilhengarar



Sverre Myklebust Maskinstasjon AS

5463 Uskedalen

Graving • Sprenging • Boring • Masseflytting

Telefon 53 48 62 55

Telefax 53 48 67 95

Mobil 971 50 715

Mobil 913 45 035

HOBBYKLUBBEN I USKEDALEN YNSKJER ALLE LESARANE GOD SOMMAR!



Eirin R. Kjærland, Tone Helen Moen, Ellen Karin Moen, Carina T. Hansen, Ronny Lakselv, Silje M. Mathiesen og Siv Hanne Kjærland.
Øystein Haugland, Lill-Mari Lakselv, Tone Helen Moen, Bente Y. Halvorsen, Anita Miljeteig, Jakob Eide, Eirik Fausk og Rune Kjærland.
Birte Nybakk, Kristoffer T. Hansen, Elisabeth Rebaudo og Geirmund Høisæter.
Britt Torill M. Mathiesen, Lars Fausk, Erlend Moen, Joachim Hauge, Thomas M. Mathiesen gøymt bak, Henrik Dahle, Martin Hauge, Erlend Haugland, Jon Harald Kjærland og Oddbjørg Heimark.
Hallvard Døssland, Håvard Steinsvik, Jone R. Kjærland Rune Hjønnvåg og Tore Mathiesen.
Foto: Grenda.